Regjeringa.no

Statsbudsjettet 2018

# Auke til musea i Det nasjonale museumsnettverket

Pressemelding | Dato: 12.10.2017 | Kulturdepartementet (http://www.regjeringen.no/no/dep/kud/id545/) | Nr: 88/17

Regjeringa foreslår å auke den samla løyvinga til musea i Det nasjonale museumsnettverket til 1,5 milliardar kroner. I dette inngår ei styrking av driftstilskotet på 21 millionar kroner til seks av musea.

– Museum er særs viktige kulturarvinstitusjonar som tilbyr populære møteplassar for eit mangfaldig publikum. Regjeringa ønsker å styrke musea for å leggje til rette for enda betre formidling og forvalting av samlingane og anlegga, seier kulturminister Linda Hofstad Helleland.

Regjeringa foreslår å styrke tilskota til følgjande institusjonar:

- *Norsk Folkemuseum/Ibsenmuseet*
  Regjeringa foreslår å auke tilskotet til Norsk Folkemuseum med 8 millionar kroner for å få på plass eit utvida driftskonsept ved Ibsenmuseet. Norsk Folkemuseum har planar om å etablere teaterhistoriske utstillingar og å opprette ei teaterscene ved Ibsenmuseet i samarbeid med Nationaltheatret.

- *Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design*
  Regjeringa foreslår å auke tilskotet til Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design med 4 millionar kroner for å leggje til rette for omfattande førebuingar

i samband med flytting av samlingane til dei nye lokala på Vestbanen.

- *Vest-Agder-museet/Hestmanden*
  Regjeringa ønskjer å auke tilskotet til Vest-Agder-museet med 4 millionar kroner for å sikre vidare drift av DS Hestmanden – det nasjonale minnesmerket over krigssiglarane sin innsats i to verdskrigar.

- *Sørlandets Kunstmuseum*
  Tilskotet til Sørlandets Kunstmuseum blir foreslått auka med 2 millionar kroner for å leggje til rette for best mogeleg forvalting av ei omfattande kunstsamling som museet har fått i gåve frå Nicolai Tangen.

- *KODE Kunstmuseer og komponisthjem*
  Regjeringa foreslår å auke tilskotet til KODE Kunstmuseer og komponisthjem med 2 millionar kroner for å dekkje auka kostnader til vakthald og sikring.

- *Museene i Sør-Trøndelag/Kystens arv*
  Regjeringa foreslår å auke tilskotet til Museene i Sør-Trøndelag med 1 million kroner for å dekkje auka driftskostnader i det nye formidlingsbygget ved avdelinga Kystens Arv i Rissa.

Kulturdepartementet

TEMA

**Arkiv, bibliotek og museum** | **Statsbudsjettet**

RELATERT

> Statsbudsjettet 2018 **(http://www.regjeringen.no/no/dokument/statsbudsjettet/statsbudsjettet-2018/id2570841/)**

Regjeringa.no

Ansvarlig for Kulturdepartementets sider:

Ansvarlig redaktør: Hanne Gjørtz
Nettredaktør: Wenche Stadven Nybo

Telefon: 22 24 90 90
E-post: postmottak@kud.dep.no

Ansatte i KUD: Depkatalog

Organisasjonsnummer: 972 417 866